



<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/55	87/2014	LOENG	484	03.01.2014

Melding om vedtak i kommunestyret 19.12.2013, sak 114/13

Pressestøtte – fråsegn frå kommunestyret. Kutt ikkje i pressestøtta.

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 19.12.2013

VEDTAK:

Kutt ikkje i pressestøtta!

Ørsta kommunestyre ser med uro på forslaget om å kutte pressestøtta for aviser med opplag mellom 4000 og 6000. Desse avisene har ein viktig demokratisk og språkpolitisk funksjon lokalt og regionalt. Utan pressestøtte vil desse avisene få redusert kapasitet til å følgje opp saker og samfunnsgagnleg informasjon, som i mange høve er med på å skape engasjement, samhald og medverknad.

Mange av desse avisene er nynorskaviser, og det er språkpolitisk viktig å sikre vilkåra for desse. Gode nynorskaviser er også eit verdfullt innslag i medieverda, og dei er med på å styrkje språkleg jamstelling på ein god måte.

Ørsta kommunestyre ber om at pressestøtta ikkje vert endra for avisene som har opplag mellom 4000 og 6000.

Handsaminga(33 r.f.)

Jostein O. Mo sitt framlegg til fråsegn:

Kutt ikkje i pressestøtta!

Ørsta kommunestyre ser med uro på forslaget om å kutte pressestøtta for aviser med opplag mellom 4000 og 6000. Desse avisene har ein viktig demokratisk og språkpolitisk funksjon lokalt og regionalt. Utan pressestøtte vil desse avisene få redusert kapasitet til å følgje opp saker og samfunnsgagnleg informasjon, som i mange høve er med på å skape engasjement, samhald og medverknad.

Mange av desse avisene er nynorskaviser, og det er språkpolitisk viktig å sikre vilkåra for desse. Gode nynorskaviser er også eit verdfullt innslag i medieverda, og dei er med på å styrkje språkleg jamstelling på ein god måte.

Ørsta kommunestyre ber om at pressestøtta ikkje vert endra for avisene som har opplag mellom 4000 og 6000.

Jostein O. Mo sitt framlegg vart vedteke med 33 mot 0 røyster.

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær

E-post til:

Mørebenken på stortinget
Kulturdepartementet
Mediebedriftenes landsforening
